ALVER KOMMUNE
*Vi byggjer Alver kommune*

# Innkalling
# av
# Fellesnemnd

**Møtedato:** 01.10.2018
**Møtestad:** Meland rådhus
**Møtetid:** 12:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til Tove Mette Arnø Fyllingen per tlf. 474 64 145, sms til 474 64 145 eller per epost til ftm@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

## Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---|---|
| 051/18 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| 052/18 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 053/18 | Kommunevåpen - VERT ETTERSENDT |
| 054/18 | Kommunestyre- og fylkestingsval 2019 |
| 055/18 | Rapport 2. tertial 2018, budsjett for fellesnemnda prosjektperioden 2017-2020 |
| 056/18 | Melding/orientering til fellesnemnda 01.10.2018 |

24. september 2018

Øyvind Oddekalv
møteleiar

Tove Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 051/18 | Fellesnemnd | PS | 01.10.2018 |

| Saksbehandlar | | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Tove Mette Arnø Fyllingen | | 18/2699 |

**Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:**
Innkalling og saksliste vert godkjent

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 052/18 | Fellesnemnd | PS | 01.10.2018 |

| Saksbehandlar | | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Tove Mette Arnø Fyllingen | | 18/2699 |

**Godkjenning av møteprotokoll**

**Vedlegg:**

Protokoll - Fellesnemnd - 03.09.2018

**Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent

ALVER KOMMUNE
*Vi byggjer Alver kommune*

# Møteprotokoll
# for
# Fellesnemnd

**Møtedato:** 03.09.2018
**Møtestad:** Nordhordlandshallen, kantina, Knarvik
**Møtetid:** 12:00 - 14:05

| Frammøtte medlem | Kommune | Parti | Rolle |
|---|---|---|---|
| Jon Askeland | Radøy | SP | Medlem |
| Kirsti Gjetle Floen | Radøy | AP | Medlem |
| Kenneth Taule Murberg | Radøy | H | Meldem |
| May Britt Vågenes Gjerde | Radøy | SP | Medlem |
| Jostein Borlaug | Radøy | AP | Medlem |
| Øyvind Oddekalv | Meland | AP | Leiar |
| Nils Marton Aadland | Meland | H | Medlem |
| Sølvi Knudsen | Meland | SP | Medlem |
| Anne Grete Eide | Meland | AP | Medlem |
| Marit Samnøy Jøssang | Meland | KRF | Medlem |
| Astrid Aarhus Byrknes | Lindås | KRF | Nestleiar |
| Leif Hosøy Sleire | Lindås | KRF | Medlem |
| Asle Hetlebakke | Lindås | KRF | Medlem |
| Nina Bognøy | Lindås | AP | Medlem |
| Anna K.Valle | Lindås | SP | Medlem |
| Bjarte Vatnøy | Lindås | FRP | Medlem |
| Karl Vågstøl | Lindås | H | Medlem |
| Sveinung Toft | Lindås | V | Medlem |

| Forfall meldt frå medlem: | Kommune | Parti | Rolle |
|---|---|---|---|
| Øyvind Bratshaug | Meland | FRP | Medlem |
| Ståle Juvik Hauge | Lindås | AP | Medlem |
| Nina Stabell Øvreås | Lindås | FRP | Medlem |

| Frammøtte varamedlemmer | Kommune | Parti | Erstatter medlem |
|---|---|---|---|
| Morten Klementsen | Meland | BF | Øyvind Bratshaug |
| Dag Hugaas | Lindås | AP | Ståle Juvik Hauge |
| Andreas Dyngen | Lindås | UAVH | Nina Stabell Øvreås |

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**
Jarle Landås-ass.programansvarleg, Martin W Kullid-ass.programansvarleg, Tove Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-programansvarleg

# Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---|---|
| 046/18 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| 047/18 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 048/18 | Justering av retningslinjer for prosjektstyring |
| 049/18 | Adresseendringar før samanslåing til Alver kommune. |
| 050/18 | Melding/orientering til fellesnemnda 03.09.2018 |

## 046/18: Godkjenning av innkalling og saksliste

**Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent

**03.09.2018 Fellesnemnd**

Ingen merknader, samrøystes.

**FN - 046/18 VEDTAK:**

Innkalling og saksliste er godkjent

---

## 047/18: Godkjenning av møteprotokoll

**Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent

**03.09.2018 Fellesnemnd**

Ingen merknader, samrøystes.

**FN - 047/18 VEDTAK:**

Møteprotokollen er godkjent

---

## 048/18: Justering av retningslinjer for prosjektstyring

**Programansvarleg sitt framlegg til vedtak**

Retningsliner for administrative prosjekt vert vedteke som det ligg føre til saka.

**30.08.2018 Fellesnemnd partsamansett utval**

Programansvarleg Ørjan Raknes Forthun orienterte til saka.
Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**PSU - 016/18 INNSTILLING:**

Retningsliner for administrative prosjekt vert vedteke som det ligg føre til saka.

**03.09.2018 Fellesnemnd**

Gjennomgang av saka ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun.
Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FN - 048/18 VEDTAK:**
Retningsliner for administrative prosjekt vert vedteke som det ligg føre til saka.

---

## 049/18: Adresseendringar før samanslåing til Alver kommune.

**Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:**

| | Adressenavn 1 | Adressenavn 2 | Tilråding |
|---|---|---|---|
| 1 | Langhøyane (R ) | Langheiane ( L ) | Ut i frå tidspunkt for etablering av adressene, og manglande høyring av adressa Langheiane, tilrår me at Langhøyane ( R ) består og at det vert vedtatt nytt adressenamn for Langheiane ( L). |
| 2 | Kolås (R) | Kolåsvegen (L) | Adressa Kolås i Radøy går ut og vert adressert som sideveg til Radøyvegen-oddetal. |
| 3 | Kvernhusvegen ( R) | Kvernhusmyrane, -haugane ( L) | Eventuell omadressering av Kvernhusvegen i Radøy (frå før 2000 med 18 adr) vert avventa til navneendring for Kvernhusmyrane, -haugane i Lindås er avklart. |
| 4 | Nedre/Øvre Soltveit(R) | Soltveitvegen ( L) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 5 | Askelandsvegen, -neset ( R) | Askelandsvågen ( L) | Adressa Askelandsvågen i Lindås går ut og vert adressert som sideveg til Stranda-partal. |
| 6 | Hellandsneset ( R) | Hellesneset ( L) | Adressa Hellesneset i Lindås går ut. Her må det vedtakast nytt adressenavn. |
| 7 | Hellevarden ( R) | Helleåsen ( L) | Adressa Hellevarden går ut og vert adressert som sideveg til Radøyvegen-partal. |
| 8 | Sætrevegen ( R) | Sætrevikvegen, -marka (M) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 9 | Jonsokhøyen ( R | Jonsokgrenda (M) | Adressa Jonsokhøyen i Radøy går ut og vert adressert som sideveg til Prestmarkvegen. |
| 10 | Skjelvik ( R) | Skjeljevikane (M) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 11 | Juvikstølen (L) | Juviknipa (M) | Ut frå ulik ending på adressenavnet og m.o.t. omfanget av ei omadressering, vurderer me at det ikkje er veldig stor fare for forveksling og omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 12 | Galteråsen ( L) | Galtenesvegen ( M) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 13 | Lyngvegen ( L) | Lyngnesvegen (M) | Lyngnesvegen i Meland går ut. Her må det vedtakast nytt adressenavn. |
| 14 | Bjørndalen ( L) | Bjørndalsvegen (M) | Adressa Bjørndalen i Lindås går ut og vert omadressert som sideveg til Eidavegen- |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | partal. |
| 15 | Lonsvegen (L) | Lonerenen (M) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 16 | Krossleitet (L) | Krossneset ( M) | Adressa Krossneset i Meland går ut. Her må det vedtakast nytt adressenavn. |
| 17 | Kyrkjevegen ( L) | Kyrkjesundvegen(M) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 18 | Nordgardsvegen (L) | Nordgardshaugen (M) | Adressa Nordgardsvegen i Lindås går ut og vert omadressert som sideveg til Kleivdalsvegen -oddetal. |
| 19 | Fagervollen (L) | Fagerbakken (M) | Adressa Fagerbakken i Meland går ut. Her må det vedtakast nytt adressenavn. |

**03.09.2018 Fellesnemnd**
Orientering til saka ved kommunalsjef Anny Bastesen
Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FN - 049/18 VEDTAK:**

| | **Adressenavn 1** | **Adressenavn 2** | **Tilråding** |
|---|---|---|---|
| 1 | Langhøyane (R ) | Langheiane ( L ) | Ut i frå tidspunkt for etablering av adressene, og manglande høyring av adressa Langheiane, tilrår me at Langhøyane ( R ) består og at det vert vedtatt nytt adressenamn for Langheiane ( L). |
| 2 | Kolås (R) | Kolåsvegen (L) | Adressa Kolås i Radøy går ut og vert adressert som sideveg til Radøyvegen-oddetal. |
| 3 | Kvernhusvegen ( R) | Kvernhusmyrane, -haugane ( L) | Eventuell omadressering av Kvernhusvegen i Radøy (frå før 2000 med 18 adr) vert avventa til navneendring for Kvernhusmyrane, -haugane i Lindås er avklart. |
| 4 | Nedre/Øvre Soltveit(R) | Soltveitvegen ( L) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 5 | Askelandsvegen, -neset ( R) | Askelandsvågen ( L) | Adressa Askelandsvågen i Lindås går ut og vert adressert som sideveg til Stranda-partal. |
| 6 | Hellandsneset ( R) | Hellesneset ( L) | Adressa Hellesneset i Lindås går ut. Her må det vedtakast nytt adressenavn. |
| 7 | Hellevarden ( R) | Helleåsen ( L) | Adressa Hellevarden går ut og vert adressert som sideveg til Radøyvegen-partal. |
| 8 | Sætrevegen ( R) | Sætrevikvegen, -marka (M) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 9 | Jonsokhøyen ( R | Jonsokgrenda (M) | Adressa Jonsokhøyen i Radøy går ut og vert adressert som sideveg til Prestmarkvegen. |
| 10 | Skjelvik ( R) | Skjeljevikane (M) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 11 | Juvikstølen (L) | Juviknipa (M) | Ut frå ulik ending på adressenavnet og m.o.t. omfanget av ei omadressering, vurderer me at det ikkje er veldig stor fare for forveksling og omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 12 | Galteråsen ( L) | Galtenesvegen ( M) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 13 | Lyngvegen ( L) | Lyngnesvegen (M) | Lyngnesvegen i Meland går ut. Her må det vedtakast nytt adressenavn. |
| 14 | Bjørndalen ( L) | Bjørndalsvegen (M) | Adressa Bjørndalen i Lindås går ut og vert omadressert som sideveg til Eidavegen-partal. |
| 15 | Lonsvegen (L) | Lonerenen (M) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 16 | Krossleitet (L) | Krossneset ( M) | Adressa Krossneset i Meland går ut. Her må det vedtakast nytt adressenavn. |
| 17 | Kyrkjevegen ( L) | Kyrkjesundvegen(M) | Omadresserer ikkje i denne omgang. |
| 18 | Nordgardsvegen (L) | Nordgardshaugen (M) | Adressa Nordgardsvegen i Lindås går ut og vert omadressert som sideveg til Kleivdalsvegen -oddetal. |
| 19 | Fagervollen (L) | Fagerbakken (M) | Adressa Fagerbakken i Meland går ut. Her må det vedtakast nytt adressenavn. |

---

## 050/18: Melding/orientering til fellesnemnda 03.09.2018

**Programansvarleg sitt framlegg til vedtak**
Meldinga vert teke til orientering

**03.09.2018 Fellesnemnd**
Pågåande prosjekt – status

Politiske prosjekt:

- Felles identitet, symbol og felles kultur - kommunevåpen ved leiar i prosjektgruppa Nils Marton Aadland

Andre orienteringar:

- Innplassering tenesteleiarar - status ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun
- DigiAlver – status ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun
- Prosjektoversikt pr. 1. september ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun

Revisjonsordning Alver kommune - skal veljast av fellesnemnda. Prosess er starta ved kontrollutvala frå dei tre kommunane. Orientering ved leiar Øyvind Oddekalv.

Invitasjon frå KS Vest til dagsamling for fellesnemndene i alle samanslåingskommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane 07.11.2018, vart sendt fellesnemnda i forkant av møtet.

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FN - 050/18 VEDTAK:**
Meldinga vert teke til orientering

---

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 053/18 | Fellesnemnd | PS | 01.10.2018 |

| Saksbehandlar | | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Tove Mette Arnø Fyllingen | | 18/1379 |

**Kommunevåpen - VERT ETTERSENDT**

**Programansvarleg sitt framlegg til vedtak**

.....

**Saksopplysningar:**
Saka skal avgjerast i fellesnemnda

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 002/18 | Valstyret Alver | PS | 18.09.2018 |
| 054/18 | Fellesnemnd | PS | 01.10.2018 |

| Saksbehandlar | | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Tove Mette Arnø Fyllingen | | 18/1379 |

**Kommunestyre- og fylkestingsval 2019**

**Vedlegg:**
189509 Fastsetting av valgdag for kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019 (L)(18)

**Programansvarleg sitt framlegg til vedtak**
Kommunestyre- og fylkestingsvalet i Alver kommune ver halde på fastsett dag, måndag 9. september 2019.

Vallokala held ope frå kl. 1200 – kl.2000.

.....

**Valstyret Alver - 002/18**

**VA - behandling:**
Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**VA - vedtak:**
Kommunestyre- og fylkestingsvalet i Alver kommune ver halde på fastsett dag, måndag 9. september 2019.

Vallokala held ope frå kl. 1200 – kl.2000.

.....

**Saksopplysningar:**
Saka skal til innstilling i valstyret
Saka skal avgjerast i fellesnemnda

## Bakgrunn

Valdagen for kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 er fastsett til 9.september.
Med heimel i vallova § 9-2 kan kommunestyret sjølv gjera vedtak om at det på ein eller fleire stader i kommunen skal haldast val og sundag før den offisielle valdagen.

I forskrift for gjennomføring av val i kommunar som er omfatta av grenseendring 1.1.2020 er det fastslått at det er fellesnemnda og ikkje kommunestyret som kan gjera vedtak om to-dagarsval.

Radøy, Meland og Lindås har ikkje avvikla val over to-dagar.

Det har vore forska på effekten av to-dagers val - Institutt for samfunns-forskning har uttrykt følgende; *«En studie har sett i detalj på dette, og den er basert på alle norske kommuner ved stortingsvalget i 1997 (Christensen og Midtbø2001 i NOU 2001:3 Velgere, valg-ordning, valgte). Studien viser at søndagsåpne stemmelokaler ikke har noen positiv effekt på valgdeltakelsen. Antallet stemmelokaler (kontrollert for antallet velgere) har heller ingen effekt nasjonalt. Forskningen avdekker ikke noe om endring over tid, det vil si effekten for valgdeltakelse i en kommune å gå fra å gjennomføre valg over to dager til ein dag (eller motsatt).*

Det har vore ein nedgang i kommunar som har avvikla to-dagars val frå 2009.

Veljarar som førehandsrøyster har auka ved de siste vala. Tilrettelegging av førehandsrøystinga dekkjer behovet for to-dagars val med tanke på god valdeltaking.

Fellesnemnda kan gjera vedtak om at det berre nokre av lokala i kommunen skal ha to-dagers val.

Det er krevjande å få denne informasjonen ut til veljarane. Erfaringar visar at det vert utfordringar uansett kor godt ein informerar.

Eit to-dagars val krev og ein del ekstra ressursar, personal, organisatorisk og økonomisk. Det vert ekstra kostnadar knytt til godtgjersle til valfunksjonærar, IT, bevertning, reinhold, informasjon mm.

.....

DET KONGELIGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Departementene
Fylkesmennene
Fylkeskommunene
Kommunene
Registrerte politiske partier
Stortinget

| Deres ref | Vår ref | Dato |
|---|---|---|
| | 18/584-8 | 16. mars 2018 |

## Fastsetting av valgdag for kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019

Valgloven § 9-2 (1) lyder:
"*Kongen fastsetter før hvert valg valgdagen til en mandag.*"

I statsråd 16. mars 2018 er valgdagen for kommunestyre- og fylkestingsvalget fastsatt til **mandag 9. september 2019.**

Hvert enkelt kommunestyre kan – i medhold av valgloven § 9-2 (2) – bestemme at det i vedkommende kommune skal holdes valg også søndag 8. september 2019.

Departementet vil i løpet av våren fastsette forskrifter for gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019 for kommuner og fylkeskommuner som er berørt av grenseendringer. Disse kommunene og fylkeskommunene skal gjennomføre valg som om sammenslåinger, deling og grensejusteringer er gjennomført. Departementet vil forskriftsfeste at fellesnemnda får myndighet til å bestemme om det skal avholdes valg også på søndagen.

Med hilsen

Siri Dolven (e.f.)
avdelingsdirektør

Sissel Lian
seniorrådgiver


| Postadresse | Kontoradresse | Telefon* | Avdeling | Saksbehandler |
|---|---|---|---|---|
| Postboks 8112 Dep<br>0032 Oslo<br>postmottak@kmd.dep.no | Akersg. 59<br><br>www.kmd.dep.no | 22 24 90 90<br>Org no.<br>972 417 858 | Kommunalavdelingen | Sissel Lian<br>22 24 68 89 |

Kopi: Valgdirektoratet

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 020/18 | Fellesnemnd partsamansett utval | PS | 27.09.2018 |
| 055/18 | Fellesnemnd | PS | 01.10.2018 |

| Saksbehandlar | | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ørjan Raknes Forthun | | 17/1868 |

**Rapport 2. tertial 2018, budsjett for fellesnemnda prosjektperioden 2017-2020**

**Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:**
Fellesnemnda tek orienteringa til vitande, og godkjenn programansvarleg sitt framlegg til justert budsjett for programperioden.

**Saksopplysningar:**
Saka skal til innstilling i PSU
Saka skal avgjerast i fellesnemnda

**Saksopplysningar**

I tråd med fellesnemnda sitt vedtak i sak 025/17 rapporterer programansvarleg til fellesnemnda for nytta midlar i 2018 og justert budsjett for resterande programperiode.

Rekneskap er ført som avdelingsrekneskap i Lindås kommune, og inngår i kommunes reviderte rekneskap. Det er delegert administrativt å justere budsjettet med inntil 25 %, utan politisk handsaming.

I hovudsak knyter endringane seg til at vi reknar med at meir av utgiftane kjem i 2019, og ikkje som tidlegare forventa, i 2018.

Arkivprosjekt: Det arbeidast med å innhente priser på arbeid knytt til dette, men dei er ikkje klare no. Det er difor framleis stor usikkerheit knytt til endeleg kostnad knytt til arkiv.

Inntekter: Det er ikkje endringar knytt til fellesnemndas inntekter.

Per andre tertial 2018 er det ikkje gjort administrative endringar i budsjett for 2018.

**Framlegg til endringar, utanfor fullmakt**:

Tillegg for arbeid i programorganisasjonen:

Kr 600.000,- av løyvingane vert flytta frå 2018 til 2019. Leiarane (nivå 1) er på plass frå februar/mars og september (nivå 2) 2018. Tillegg vert å betale ut året og i 2019.

Programkontor/prosjektbemanning: Kr 3,5 mill vert flytta frå 2018 til 2019. Større del av belastninga kjem i 2019, enn tidlegare berekna.

IKT og Digitalisering: Kr 4 mill vert flytta til 2019. Arbeid er starta, men større del av kostnadene påløper i 2019. Det er framleis stor usikkerheit knytt til endeleg kostnad.

**Revidert budsjett:**

| Inntekter | R -2017 | | Oppdatert | B -2019 | B - 2020 | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Eingongsstønad | 35 000 | | | | | 35 000 |
| Reformstønad | | | | | 20 000 | 20 000 |
| Infrastrukturtiltak | 5 000 | | | | | 5 000 |
| **Sum** | **35 000** | | **-** | **-** | **20 000** | **60 000** |
| | | | | | | |
| **Utgifter** | **R -2017** | **Opprinnelig budsjett - 2018** | **Prognose - 2018** | **Justert budsjett - 2019** | **Justert budsjett - 2020** | **Sum** |
| Frikjøp tillitsvalde | | 400 | 200 | 800 | 200 | 1 200 |
| Tillegg for arbeid i programorganisasjonen | | 1 000 | 400 | 2 100 | | 2 500 |
| Programkontor/prosjektbemanning | | 5 000 | 1 500 | 9 000 | 1 000 | 11 500 |
| Arkivprosjekt | | 2 000 | 2 000 | 4 000 | | 6 000 |
| IKT og digitalisering | | 6 000 | 2 000 | 13 800 | 5 150 | 20 950 |
| Ny heimeside - grafisk profil | | 500 | 500 | 500 | | 1 000 |
| Politisk styring og involvering/møtegodtgjersle | 210 | 800 | 800 | 1 000 | | 2 010 |
| Informasjon, involvering og kulturbygging | | 300 | 300 | 500 | 200 | 1 000 |
| Informasjon, identitet og kulturbygging | | 300 | 300 | 500 | 200 | 1 000 |
| Møter og konferanser | 80 | 270 | 270 | 400 | | 750 |
| Opplæring og kurs | 200 | | | | | 200 |
| Eksterne konsulenter (utanom programkontor) | 1 690 | 2 000 | 1 500 | 2 500 | | 5 690 |
| Kyrkjeleg fellesråd | | 600 | 600 | 600 | | 1 200 |
| Til uføresett | | | | | | - |
| Infrastrukturtiltak | | 2 000 | 2 000 | 3 000 | | 5 000 |
| **Sum** | **2 180** | **21 170** | **12 370** | **38 700** | **6 750** | **60 000** |
| **Balanse** | **32 820** | **- 21 170** | **- 12 370** | **- 38 700** | **13 250** | **-** |

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 056/18 | Fellesnemnd | PS | 01.10.2018 |

| Saksbehandlar | | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ørjan Raknes Forthun | | 17/1868 |

**Melding/orientering til fellesnemnda 01.10.2018**

**Vedlegg:**
Alver kyrkjelege fellesnemnd - Vedtak om tenesteyting

**Programansvarleg sitt framlegg til vedtak**
Meldinga vert teke til orientering.

.....

**Saksopplysningar:**
Saka skal avgjerast i fellesnemnda

**Meldingar/orienteringar**

- Valstyret
- Næringsutvikling i Alver kommune – prosjekt
- Planarbeid mot Alver kommune - prosjekt
- Innplassering tenesteleiarar - status
- Prosjektoversikt pr. 1. oktober
- DigiAlver – status
- Oppdatering av «alverkommune.no»
- Alver kyrkjeleg fellesnemnd – vedtak om tenesteyting (sjå vedlegg)

.....

# DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjeleg fellesnemnd for Alver

## Særutskrift av Møtebok; Sak F-17/2018 om Tenesteyting

Det var møte i

| | |
|---|---|
| **Utval** | Kyrkjeleg fellesnemnd |
| **Møtedato** | Onsdag 30.mai 2018 |
| **Møtetid** | Kl. 16.00-18.20 |
| **Møtestad** | Møteplassen, Meland kyrkjekontor |

**Desse møtte:**

**Frå Lindås kyrkjelege fellesråd:**
Ivar Eidsheim,
Turid Sporsheim Tvedt
Harald Osland Øvretveit

**Frå Radøy sokneråd:**
Kirsten Skage Mellingen

**Frå Meland sokneråd**
Bent Gunnar Næss
Einar Reigstad

**Frå kommunal fellesnemnd:**
Bjarte Vatnøy

**Geistleg representant:**
Geir Sørebø (prost i Nordhordland)

**Forfall:**
Gunnar Kartveit
Grethe Lunde

**Kyrkjeverjene** i Lindås, Radøy og Meland: Torgeir Paulsen, Audun Sylta, Anne Sofie Nergård Uthaug

# DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjeleg fellesnemnd for Alver

**F – 17/2018 Tenesteyting**

**Framlegg til vedtak:**

1. Alver kyrkjelege fellesnemnd ønskjer å avvikle dei tenesteytingsavtalane som i dag eksisterer mellom dagens kyrkjelege fellesråd og kommunane.
2. Ein legg til grunn for vedtaket at dei faktiske tenestene som ligg i avtalen blir kompensert fullt ut.
3. Det er ønskjeleg å innarbeide denne endringa i budsjettet for 2020.
4. Nokre av dei kommunalt tilsette ved Meland gravplass har spesielle oppgåver innanfor gravstellet på gravplassen. Av omsyn til desse ønskjer ein å kunne tilpasse tempoet i denne prosessen etter behov.

**Vedtak:**

1. Alver kyrkjelege fellesnemnd ønskjer å avvikle dei tenesteytingsavtalane som i dag eksisterer mellom dagens kyrkjelege fellesråd og kommunane.
2. Ein legg til grunn for vedtaket at dei faktiske tenestene som ligg i avtalen blir kompensert fullt ut.
3. Det er ønskjeleg å innarbeide denne endringa i budsjettet for 2020.
4. Nokre av dei kommunalt tilsette ved Meland gravplass har spesielle oppgåver innanfor gravstellet på gravplassen. Av omsyn til desse ønskjer ein å kunne tilpasse tempoet i denne prosessen etter behov.

for Alver kyrkjelege fellesnemnd,

Paulsen

**Sak F - 17/2018**

**Om tenesteyting**

Kyrkjelova seier følgjande i §15, 4. ledd:

> *Etter avtale med kirkelig fellesråd kan kommunal tjenesteyting tre i stedet for særskilt bevilgning til formål som nevnt i denne paragraf.*

Denne avgjerda har vore mykje nytta, og dei fleste kyrkjelege fellesråd har sidan den lokale kyrkja vart skilt frå kommunen hatt slik avtale for større eller mindre område. Typiske områder er oppgåver innanfor administrasjon / merkantile tenester og gravplass / forvalting av kyrkjebygg og anna eigedomsmasse. Under tenesteytingsavtaler kan ein og finne høve til å nytte kommunale innkjøpsavtalar. Kort oppsummert kan ein seie at tenesteyting har vore nytta der storleiken på det lokale fellesrådet har gjort det særleg krevjande å gjere investeringar eller etablere og halde ved like spesialkompetanse.

Sjølv om det ikkje skjer overføring av pengar frå kommunen til kyrkjeleg fellesråd ved ein slik avtale, skal det likevel skje ei rekneskaps-messig føring av verdien av dei tenestane som vert ytt. (Slike transaksjonar inngår m.a. i samla grunnlag for berekning av kommunale tilskot til andre trus- og livssynssamfunn). Kontoplanen for så vel kyrkja som kommunen har eigne konti for slike kalkulatoriske transaksjonar.

Ved inngåing av slike avtalar er følgjande viktig:

1. Avtale – underteikna av begge partar
   Det er inga plikt til å opprette slike avtalar. Begge partar er derfor sjølvstendige og likeverdige partar som ser gjensidig føremon ved å dekkje eit behov på denne måten. Endring / opphør av avtalen vil derfor følgje vanlege, avtalerettslege reglar.
2. Berekning av pris / verdi for dei einskilde tenestane
   Det er viktig at slike avtalar vert oppdatert med reelle beløp. Dette betyr at kommunen må ha system i form av tidsregistrering, areal, evt mengde for å fastsette desse verdiane. Om tenestytinga vert erstatta av direkte kommunale tilskot vil eit misforhold her kunne skape problem for kyrkjeleg fellesråd sin økonomi.

**I kva for grad er det aktuelt for Alver kyrkjelege fellesråd å nytte tenesteyting i staden for direkte tilskot?**

Som nemnd i avsnittet over er denne løysinga særleg aktuell i mindre fellesråd der det ikkje er naturleg eller mogeleg å ha tilsette med all naudsynt kompetanse, eller der aktiviteten i fellesrådet ikkje er så stor at t.d. naudsynte investeringar er naturlege å gjere.

I dag er situasjonen den at bruken av tenesteyting (som det meste anna) er nokså ulik mellom dagens fellesråd:

- Radøy: - Ingen tenesteyting
- Lindås: - IKT – Telefon – tilgang til komm. innkjøpsavtalar
- Meland: - Gravplassdrift – vedlikehald kyrkjebygg - IKT – telefon – kopiering – porto

Her kan ein konstatere at Meland som eitt-sokns kommune / fellesråd har tenesteyting knytt til bygg og anlegg. Om ein ser nærare på dette vil ein og sjå at Meland har ei kyrkje og ein (hovud-) gravplass. Omfanget og kompleksiteten på dette området er slik at det for Meland sitt vedkomande har lagt godt til rette for tenesteyting. Lindås og Radøy som både to har fleire kyrkje og fleire gravplassar har ikkje tenesteyting, noko som seier at desse organisasjonane har denne kompetansen.

Så vel Lindås som Meland har i tillegg tenestyting knytt til merkantile funksjonar og kontorstøtte-system. Radøy, som er det minste fellesrådet har ikkje desse ytingane, noko som tyder at dei alt har denne kompetansen i sin organisasjon på sitt nivå. (Det nye fellesrådet vil få ein meir kompleks organisasjon enn Radøy har, men dette er ikkje avgjerande.)

Slik ein ser omrisset av det komande Alver kyrkjelege fellesråd vil det ikkje vere naudsynt å vurdere tenesteyting grunna manglande kompetanse i organisasjonen. Nokon i det nye fellesrådet utførar alt slike oppgåver som andre har tenesteyting på. I tillegg kjem at ein vil stå fritt (?) innanfor dei økonomiske rammene ein får, til å designe organisasjonen ut frå dei tilhøva den skal handtere. Ikkje minst vil situasjonen for den nye kommunen bli heilt snudd frå tre fellesråd som kvar for seg kan ha hatt trong for avgrensa «hjelp» frå sin kommune, til eit fellesråd med så kompleks organisasjon og så stor eigedomsmasse at det knapt er interessant for kommunen å la seg binde opp i ein avtale, ettersom denne vil bli ressurs-krevjande for kommunen.

**Spesielt om Meland – gravplass og kyrkjebygg**

Meland sokneråd og Meland kommune har ei tenesteytingsavtale i dag som seinast var fornya i 2015. Denne er bygd opp i tråd med dei tilrådingar som er gjevne: her kvantifiserer ein kor mange årsverk og oppgåver som ligg i avtalen. Det er mogeleg å kommentere dei einskilde beløpa, men i hovudsak er oppsettet bra.

I Meland fungerer samarbeidet med kommunen sine tilsette godt, og sam-lokaliseringa med grøn avdeling vert opplevd som positiv og tenleg.

Av omsyn til dei tilsette som er involvert i desse oppgåvene og andre praktiske tilhøve er det ønskjeleg å bruke litt tid på å drøfte denne delen av avtalen i Meland, jamvel om det generelt er ei haldning frå prosjektgruppa og AU at tenesteytingsavtalene bør avviklast.

**Kommentar til Lindås – IKT og telefon**

Når det for Lindås sin del står at ein har tenesteyting i samband med IKT og telefon er dette ein samansett røyndom. Rett nok har fellesrådskontoret i Lindås same plattform som kommunen når det gjeld IKT og rett nok kan ein kome fram til kyrkjeleg fellesråd via kommunen sitt sentralbord, men når det gjeld drifta betaler kyrkja dette sjølv.

**Inntrykk etter møte med programansvarleg (Forthun) 16. mai 2018**

Leiar i fellesnemnda og dei tre kyrkjeverjene hadde eit møte med programansvarleg for Alver kommunale fellesnemnd, Ørjan Forthun den 16. mai. I dette møtet vart denne saka drøfta. Programansvarleg ga då tilslutning til at kyrkjeleg fellesnemnd signaliserte eit standpunkt no, og at ein heller tilpassa tempoplan etter behov.

**Framlegg til vedtak:**

1. Alver kyrkjelege fellesnemnd ønskjer å avvikle dei tenesteytingsavtalane som i dag eksisterer mellom dagens kyrkjelege fellesråd og kommunane.
2. Ein legg til grunn for vedtaket at dei faktiske tenestene som ligg i avtalen blir kompensert fullt ut.
3. Det er ønskjeleg å innarbeide denne endringa i budsjettet for 2020.
4. Nokre av dei kommunalt tilsette ved Meland gravplass har spesielle oppgåver innanfor gravstellet på gravplassen. Av omsyn til desse ønskjer ein å kunne tilpasse tempoet i denne prosessen etter behov.